vigo
Interkommunalt selskap

Fylkeskommunenes landssamarbeid

# Eksamen

12.11.2021

FRI2001 Produksjon

**Programområde:** Frisør

LK06

Nynorsk/Bokmål

# Nynorsk

| Eksamensinformasjon | |
|---|---|
| **Eksamenstid** | Eksamen varer i 4 timar. |
| **Hjelpemiddel** | Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre. |
| **Bruk av kjelder** | Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.<br><br>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrifter eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato. |
| **Vedlegg** | 1: Arbeidsbeskriving – fargebehandling<br>2: Arbeidsbeskriving – makeup<br>3: Skisseteikning – dame |
| **Vedlegg som skal leverast inn** | Vedlegg 1, 2 og/eller 3.<br>Det er også mogleg å utarbeide eigne teikningar som kan leverast inn. Det er frivillig å levere inn vedlegg. |
| **Informasjon om vurderinga** | Kandidaten blir vurdert etter<br><br>• evne til å grunngi, vurdere og reflektere over eigne val<br>• evne til å bruke relevant fagterminologi<br>• evne til å vise heilskapleg kompetanse i brudestyling tilpassa kunden<br>• evne til å komme med forslag til heil fargeendring med kontrast som er tilpassa kunden og anledninga<br>• evne til å komme med forslag til makeup tilpassa kunden og anledninga<br>• evne til å forklare kva som skjer kjemisk i håret ved ei klassisk fargebehandling<br><br>Kriteria blir vekta likt.<br><br>Kandidaten kan bruke arbeidsbeskrivingar/malar som eit supplement til det skriftlege svaret og levere dei som vedlegg. Det er også mogleg å utarbeide og levere inn eigne teikningar.<br><br>Arbeidsbeskrivingane/malane er meinte som ei støtte / eit hjelpemiddel for kandidaten i svaret på eksamensoppgåva og blir ikkje vurderte som ein del av eksamen. |
| **Andre opplysningar** | Alle vedlegga til oppgåva er henta frå Norske frisør- og velværebedrifter: https://frisorfaget.no/content/tegninger-og-verktoy-3 |

| | |
|---|---|
| | Sist besøkt: 06.05.21 |

**TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGÅVA:**

- Start med å lese oppgåveinstruksen godt.
- Hugs å føre opp kjeldene i svaret ditt dersom du bruker kjelder.
- Les gjennom det du har skrive, før du leverer.
- Bruk tida. Det er lurt å drikke og ete undervegs.

**Lykke til!**

## Situasjonsbeskriving

Kunden din i dag er ei kvinne på 25 år. Ho skal gifte seg til sommaren og har avtalt ein prøvetime hos deg.

Vigselen skal skje på ei sandstrand, og selskapet skal haldast inne i ein gammal låve. Brura skal ha på seg ein enkel, kvit kjole som rekk henne til knea. Kjolen har open rygg.

Kunden ønsker ei brudestyling/oppsetting av håret som gir eit litt rufsete og romantisk preg, gjerne med blomster som hårpynt. Ho ønsker ei heil fargeendring med ein kontrasteffekt i håret. I tillegg ønsker ho forslag til makeup.

Før du kjem med forslag til fargeendring med kontrasteffekt, brudestyling/oppsetting og tilpassa makeup, gjer du ein analyse av dei anatomiske føresetnadene hennar for å finne ut kva som kler henne.

Kvinna har brune auge, lys hud med litt frekner og mellomblondt hår av god kvalitet og med lengde til midt på ryggen. Ho er slank og middels høg.

## Oppgåve

- Kom med eit skriftleg forslag til ei heil fargeendring med kontrasteffekt. Bruk tilgjengelege fargekart. Du kan, som støtte til det skriftlege svaret, fylle ut ei arbeidsbeskriving/teikning. Sjå den vedlagde malen.
- Kom med eit skriftleg forslag til brudestyling/oppsetting, eventuelt med blomster til hårpynt. Du kan i tillegg teikne ei skisse. Sjå den vedlagde malen.
- Kom med eit skriftleg forslag til makeup tilpassa kunden og anledninga. Du kan i tillegg bruke den vedlagde malen som støtte til det skriftlege svaret.
- Forklar kva som skjer kjemisk i håret ved ei klassisk fargebehandling.

**Hugs å grunngi svara dine godt!**

# Bokmål

| Eksamensinformasjon | |
|---|---|
| **Eksamenstid** | Eksamen varer i 4 timer. |
| **Hjelpemidler** | Alle hjelpemidler er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre. |
| **Bruk av kilder** | Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.<br><br>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrifter eller sitater fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato. |
| **Vedlegg** | 1: Arbeidsbeskrivelse – fargebehandling<br>2: Arbeidsbeskrivelse – makeup<br>3: Skissetegning – dame |
| **Vedlegg som <u>kan</u> leveres inn** | Vedlegg 1, 2 og/eller 3.<br>Det er også mulig å utarbeide egne tegninger som kan leveres inn. Det er frivillig å levere inn vedlegg. |
| **Informasjon om vurderingen** | Kandidaten blir vurdert etter<br><br>• evne til å begrunne, vurdere og reflektere over egne valg<br>• evne til å bruke relevant fagterminologi<br>• evne til å vise helhetlig kompetanse i brudestyling tilpasset kunden<br>• evne til å komme med forslag til hel fargeendring med kontrast som er tilpasset kunden og anledningen<br>• evne til å komme med forslag til makeup tilpasset kunden og anledningen<br>• evne til å forklare hva som skjer kjemisk i håret ved en klassisk fargebehandling<br><br>Kriteriene blir vektet likt.<br><br>Kandidaten kan bruke arbeidsbeskrivelser/maler som et supplement til det skriftlige svaret og levere dem som vedlegg. Det er også mulig å utarbeide og levere inn egne tegninger.<br><br>Arbeidsbeskrivelsene/malene er ment som en støtte / et hjelpemiddel for kandidaten i svaret på eksamensoppgaven og blir ikke vurdert som en del av eksamen. |
| **Andre opplysninger** | Alle vedleggene til oppgaven er hentet fra Norske frisør- og velværebedrifter: https://frisorfaget.no/content/tegninger-og-verktoy-3 |

| | |
|---|---|
| | Sist besøkt: 06.05.21 |

**TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGAVEN:**

- Start med å lese oppgaveinstruksen godt.
- Husk å føre opp kildene i svaret ditt dersom du bruker kilder.
- Les gjennom det du har skrevet, før du leverer.
- Bruk tiden. Det er lurt å drikke og spise underveis.

**Lykke til!**

## Situasjonsbeskrivelse

Kunden din i dag er en kvinne på 25 år. Hun skal gifte seg til sommeren og har avtalt en prøvetime hos deg.

Vielsen skal foregå på en sandstrand, og selskapet skal holdes inne i en gammel låve. Bruden skal ha på seg en enkel, hvit kjole som rekker henne til knærne. Kjolen har åpen rygg.

Kunden ønsker en brudestyling/oppsetting av håret som gir et litt rufsete og romantisk preg, gjerne med blomster som hårpynt. Hun ønsker en hel fargeendring med en kontrasteffekt i håret. I tillegg ønsker hun forslag til makeup.

Før du kommer med forslag til fargeendring med kontrasteffekt, brudestyling/oppsetting og tilpasset makeup, gjør du en analyse av hennes anatomiske forutsetninger for å finne ut hva som kler henne.

Kvinnen har brune øyne, lys hud med litt fregner og mellomblondt hår av god kvalitet og med lengde til midt på ryggen. Hun er slank og middels høy.

## Oppgave

- Kom med et skriftlig forslag til en hel fargeendring med kontrasteffekt. Bruk tilgjengelige fargekart. Du kan, som støtte til den skriftlige besvarelsen, fylle ut en arbeidsbeskrivelse/tegning. Se den vedlagte malen.

- Kom med et skriftlig forslag til brudestyling/oppsetting, eventuelt med blomster til hårpynt. Du kan i tillegg tegne en skisse, se den vedlagte malen.

- Kom med et skriftlig forslag til makeup tilpasset kunden og anledningen. Du kan i tillegg bruke den vedlagte malen som støtte til den skriftlige besvarelsen.

- Forklar hva som skjer kjemisk i håret ved en klassisk fargebehandling.

**Husk å begrunne svarene dine godt!**

**Vedlegg 1**

NB: Du skal ikkje fylle inn namnet ditt, berre kandidatnummeret.

NB: Du skal ikke fylle inn navnet ditt, bare kandidatnummeret.

# ARBEIDSBESKRIVELSE – FARGEBEHANDLING

Kunde: ______________________ Frisør: ______________________ Dato: __________

## FORUTSETNINGER

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Ansiktsform: | Aldersgruppe: | Type: | Tidligere fargebeh.: | |
| Hårtype: | Hårkvalitet: | Naturfarge / fargedybde: | Fargeretning: | Gråprosent: |

| |
|---|
| Planlagt resultat: |

## ARBEIDSBESKRIVELSE

| | Indre område | Ytre område |
|---|---|---|
| Forbehandling | | |
| Produktvalg | | |
| $H_2O_2$, styrke, virketid, blandingsforhold | | |
| Metoder og teknikker | | |
| Verktøy / materiell | | |









Vedlegg 2

NB: Du skal ikkje fylle inn namnet ditt, berre kandidatnummeret.

NB: Du skal ikke fylle inn navnet ditt, bare kandidatnummeret.

# ARBEIDSBESKRIVELSE MAKE-UP

Kunde:______________________________ Frisør:______________________________ Dato: _

______________________________

## FORUTSETNINGER

| | | | |
|---|---|---|---|
| Ansiktsform: | Aldersgruppe: | Type: | Hudtype: |
| Øyne (plassering / form / størrelse):: | | Munn (form / størrelse): | |

| |
|---|
| Planlagt resultat: |

## PRODUKTVALG

| |
|---|
| Concealer |
| Foundation |
| Øyne |
| Munn |
| Rouge |



Vedlegg 3

# SKISSETEGNING – DAME



www.vigoiks.no/eksamen

vigo

Interkommunalt selskap